

Emne nr. 138

PÅSKE

For 30 år siden sende NEG ut ei spørjeliste der vi mellom anna bad medarbeidarane våre om å gjere greie for matskikkar i samband med påskehelga.

Når vi no sender ut ei liste om påske er det avdi påska i dag har blitt ei høgtid med mange sider. Først og fremst er det ei av dei store religiøse høgtidene, og for mange er det særleg tankane kring Bibelens påskebodskap som særmerker denne helga. Men i tillegg til dette spelar påska for mange ei viktig rolle som ferie- og rekreasjonstid. ”Fjellpåska”, slik den blir framstilt i media, med kvite vidder, ski, sol og brune fjes, tykkjest nærmast å vere idealet for mange. Men ferieundersøkingane til Statistisk sentralbyrå frå dei siste åra syner at slett ikkje alle dreg til fjells. Mange reiser andre stader, og tre firedelar av alle nordmenn blir heime i påska.

Med denne spørjelista vil vi prøve å få fram korleis folk ser på påska, og kva tankar dei har om høgtida. Det er òg viktig for å få vite korleis påskefeiringa har skift karakter dei seinaste tiåra. Det er vanskeleg å stille detaljerte og konkrete spørsmål om fleire av dei forhold som vi gjerne vil ha kunnskap om, og derfor må vi be deg svare på kvart spørsmål så utførleg og detaljert som du kan. Dersom du les gjennom heile lista før du gir deg til å svare, vil du få betre kunnskap om kva som er formålet med dei einskilde spørsmåla.

1. Kva gjorde du siste påske?
2. Tok du deg fri dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag, eller var dette vanlege arbeidsdagar for deg? Er det slik kvart år?
3. Dersom du var heime siste påske, kom det då tilreisande? Kva dagar var det? Var det planlagt eller tilfeldig?
4. Heldt du lag eller samkome i påska? Kva dagar var det? Vi vil gjerne at du fortel kva som vart servert, både av mat og drykk. Er dette vanleg påskeskikk hos deg?
5. Var du sjølv beden bort eller gjekk du på vitjing til slekt/vener nokre av påskedagane?
6. Dersom du reiste bort siste påske, fortel kvar du reiste av.
7. Korleis budde du (hotell, eiga eller leigd hytte, hos vener eller slekt, selskapsreise el.l.)?
8. Korleis reiste du (tog, båt, eigen bil, fly e. l.)?
9. Kor lenge varde opphaldet?
10. Hadde du sett av pengar og planlagt denne reisa i lang tid på førehand? Fortel om planlegginga.
11. Var det særskilt utstyr, klær eller liknande som vart kjøpt inn til turen?
12. Vart særskilt mat kjøpt inn og laga til på førehand?

13. Er det særlege skikkar eller gjeremål som du meiner høyrer med på dei ulike dagane i påskehelga? Vi tenkjer både på arbeid og alvor, leik og fest (t.d. særskilt arbeid med dyr, båtpuss, påskeskirenn, samkomer, song, musikk). Fortel så detaljert du kan om slike skikkar. Vi vil gjerne vite både korleis det er i dag, og korleis det har vore før, dersom det har endra seg.

14. Er det faste matrettar som høyrer med på dei ulike påskedagane? Fortel så detaljert du kan om dette.

15. Er det faste matrettar knytte til frokost påskemorgon?

16. Har matskikkane endra seg i løpet av livet ditt? Fortel det du hugsar frå barndommen din, og det eldre folk har fortalt deg om påskematen i eldre tid.

17. Pyntar du heime/på hytta i påska? Fortel så nøye du kan korleis det blir pynta, og kva som blir brukt (bjørkelauv, gule blomar, særlege lys, serviettar, heimelaga eller kjøpt påskepynt, ”påskekyllingar”, pappegg o. l.).

18. Har du fått, kjøpt eller laga påskepynten?

19. Har du sjølv barn/barnebarn som lagar pynt til påske, eller kjenner du barn som gjer det? Fortel kva dei lagar.

20. Kvar har dei lært det? (Av foreldre, besteforeldre, i barnehagen, skulen, i bøker, vekeblad e. l.)

21. Kva dag/dagar i påska blir det pynta? Kor lenge står pynten framme?

22. Er dette ein ny skikk, eller hugsar du at det vart pynta da du var barn? Fortel kva som har endra seg gjennom livet ditt.

23. Kva forstår du med ordet ”påskeegg”? (Kokte hønseegg, marsipan- eller sjokoladeegg). Vi vil gjerne at du fortel alt du veit om skikkar knytte til påskeegg anten det er hønse- eller andre egg.

24. Kjenner du til at egg blir farga, måla eller dekorerte? Fortel korleis, og kven som gjer dette.

25. Kva dag i påska blir dette gjort?

26. Kjenner du skikken å koke egg ute? Fortel det du veit.

27. Er det – eller har det vore – vanleg å gje bort egg påskedagen? Skriv ned det du veit om leikar med kokte egg.

28. Kjenner du til at barn får sjokoladeegg ein spesiell dag i påska? Er det særlege skikkar knytte til utleveringa av slike egg?

29. Kva har endra seg sidan barndommen din når det gjeld ”påskeegg”?

30. Går du i kyrkja i påskehelga? Kva dagar?

31. Nyttar du omgrepet ”den stille veka”? Kva tyder dette omgrepet for deg?

32. Nyttar du omgrepet ”påskeveka”? Kva veke er det?

33. Kjenner du til at ein heisar flagget på halv stong langfredag?

34. Kjenner du til at ein skulle arbeide hardt og ete lite langfredag for å ”lide med Jesus”? Fortel det du veit om dette.

35. Har du høyrte om ”påskeris” eller ”langfredagsris”? Fortel det du veit, og kven du har høyrte det av.

36. Ønskjer du ”god påske”? Kva dagar blir slik helsing nytta?
37. Sender eller får du påsekort? Til/frå kven? Korleis er slike kort, og kva skriv du på dei (god påske, gledelig påskehelg e. l.)?
38. Følgjer du fjernsynets eller radioens særskilde påsegudstenester siste påske? Kva dagar?
39. Radio og fjernsyn har mange særskilde program i påska, både av religiøs og verdsleg art, og både for barn og vaksne. Følgde du slike program i år? Kva syntes du om dei?
40. Kjøper du påskenummer av vekeblad? Kva blad? Kjøper du dette vekebladet til vanleg?
41. Kjøper eller låner du spesiell litteratur til påskehelga? Fortel kva du les.
42. Kjenner du til at det er – eller har vore – vermerke knytte til ulike påskedagar på heimstaden din?
43. Har du høyrte om at ein skulle stå tidleg opp påskemorgonen og sjå ”sola danse”? Fortel det du veit, og kvar du har høyrte det.
44. Solar du deg i påska? Fortel kva slags tankar du har gjort deg om det å bli ”påskebrun”. Kjøper du solkrem, solbriller o. l. til påske?
45. Til slutt i spørjelista vil vi stille deg eit personleg spørsmål som du får svare på dersom du vil:
Kva er ei ”god påske” for deg?